


NGU Rapport 99.035

Undersj iske marine ressursar i S r-Tr ndelag

Rapport nr.: 99.035		ISSN 0800-3416	Gradering: Åpen	
Tittel: Undersjøiske marine ressursar i Sør-Trøndelag				
Forfatter: Oddvar Longva		Oppdragsgiver: Sør-Trøndelag Fylkeskommune, NGU		
Fylke: Sør-Trøndelag		Kommune: Hitra, Frøya, Hemne, Snillfjord, Agdenes, Orkdal, Skaun, Melhus, Trondheim, Malvik, Rissa, Ørland, Bjugn, Åfjord, Roan, Osen		
Kartblad (M=1:250.000) Kristiansund, Trondheim og Namsos		Kartbladnr. og -navn (M=1:50.000)		
Forekomstens navn og koordinater:		Sidetall: 78 Kartbilag: 1	Pris: Kr. 118,-	
Feltarbeid utført:	Rapportdato: 15.04.99	Prosjektnr.: 2664.15	Ansvarlig: 	
Sammendrag: Sør-Trøndelag Fylkeskommune ønskjer ein oversikt over undersjøiske sand- og grusressursar som basis for tildeling av opptakskonsesjonar. Det er gjennomført eit skrivebordsstudium for å finne slike moglege undersjøiske kalksand-, sand- og grusressursar i Sør-Trøndelag fylke. Studiet er basert på tilgjengeleg geologisk litteratur, ressurskart frå Grus og Pukkregisteret ved NGU, topografiske kart og sjøkart, samt på kommunikasjon med biologar og næringsdrivande i opptaksbransjen. 16 lokalitetar som kan eigne seg for uttak av kalksand og 4 delta som inneheld sorterte massar er peika ut. Desse lokalitetane bør ved vidare undersøking danne grunnlag for å finne nye undersjøiske massetak. Det er gjort ei samanstilling av areal som er verna eller foreslått verna og dei aktuelle lokalitetane med potensielle skjelsand, sand- og grusressursar. Fiskeridirektoratet har skaffa fram oversiktskart over havbrukskonsesjonar. Det viser seg at dei fleste lokalitetane med potensielle skjelsandressursar ligg i område med vern og/eller oppdrettsanlegg.				
Emneord: Maringeologi	Kvartærgeologi		Kalksand	
Sand og grus	Vern		Havbruk	
Fagrapport				

INNHALD

1. INNLEIING	4
2. GRUNNLAG FOR UTVELJING AV POTENSIELLE KALKSAND LOKALITETAR	4
3. POTENSIELLE KALKSANDFOREKOMSTAR	5
4. GRUNNLAG FOR UTVELGJING AV POTENSIELLE MINEROGENE SAND- OG GRUSFØREKOMSTAR	8
5. POTENSIELLE MINEROGENE SAND- OG GRUSFØREKOMSTAR	9
6. OVERSIKT OVER SAND-KONSESJONAR, OMRÅDE HEFTA AV VERN OG OPPDRETTSANLEGG I SØR-TRØNDELAG	11
7. VIDARE UNDERSØKING	12
8. KOSTNADSOVERSLAG FOR EIT UNDERSØKINGSPROGRAM FOR SØR-TRØNDELAG	13
9. KONKLUSJONAR	14
10. REFERANSAR	15

TEIKNINGAR

99.035-01: Lok. 1 og 2	: Buholmråsa og Buarøyan
99.035-02: Lok. 3	: Skjervøyan
99.035-03: Lok. 4 og 5	: Sandøya og Værøya
99.035-04: Lok. 6	: Hosnaøyan
99.035-05: Lok. 7	: Stokkøya - Linesøya
99.035-06: Lok. 8 og 9	: Asenøya og Skjærøya
99.035-07: Lok. 10	: Tarva
99.035-08: Lok. 11 og 12:	Grandevika og Kråkvågsvaet
99.035-09: Lok. 13	: Ramsøya - Skårøya
99.035-10: Lok. 14 og 15:	Titran og Uttian - Venøya
99.035-11: Lok. 16	: Froøyane
99.035-12: Lok. 17 og 18:	Gaulosen og Orkdalsosen
99.035-13: Lok. 19 og 20:	Sundsbukta og Åfjord
99.035-14	: Oversikt over potensielle kalksand, og sand og grus førekomstar, kalksandkonsesjonar og verneområde
99.035-15	: Matfiskanlegg av Laks/Ørret i Sør-Trøndelag

APPENDIKS

Appendiks 1	: Utskrift frå databasen EDNA over verna og verneverdige område på kysten av Sør-Trøndelag
-------------	--

1. INNLEIING

Sør-Trøndelag Fylkeskommune ønskjer ein oversikt over moglege lokalitetar for uttak av undersjøiske kalksand og sand- og grusressursar. I samråd med fylkesgeologen i Sør-Trøndelag, vart det avgjort at NGU gjennom eit forstudium skulle samanstille ein oversikt over ein del sannsynlege undersjøiske lokalitetar med kalksand og sand og grus som kunne danne grunnlag for oppfølgjande undersøkingar for å finne eigna undersjøiske massetak. I tillegg skulle rapporten også innehalde ein oversikt over verneområde, havbrukskonsesjonar og marinarkeologiske lokalitetar som kan kome i konflikt med opptak av massar frå sjøen. Opplysningar om marinarkeologiske lokalitetar er i følge Vitenskapsmuseet ikkje offentlege og utgår derfor frå denne samanstillinga.

Som utgangspunkt for val av lokalitetar er det lagt til grunn at førekomstane skal vere tilstrekkeleg store og at det driftsteknisk er mogleg å ta opp massar. Når det gjeld kalksand er aktuelle førekomstar plukka ut på basis av erfaring frå liknande undersøkingar langs kysten av Sør-, Vest- og Midt-Norge og Nord-Norge, og på publisert materiale frå Sør-Trøndelag. I tillegg er det ført samtalar med biologar og aktørar i opptaksnæringa.

Aktuelle førekomstar av sand og grus er plukka ut frå kunnskap om geologiske prosessar som dannar sorterte sediment. Avsetjingar med sorterte sediment er til dømes israndavsetjingar, elvedelta, skredvifter og omlagra strandavsetjingar. Tidlegare publisert materiale og samtalar med aktørar i opptaksnæringa er brukt som bakgrunnsstoff.

Dei mest aktuelle områda for å finne førekomstar av undersjøiske ressursar er viste på teikning 99.035-14.

2. GRUNNLAG FOR UTVELJING AV POTENSIELLE KALKSAND LOKALITETAR

Danning av kalksand

Skjelsand er samling av heile og knuste skal frå organismar med kalkskal. Dei viktigaste organismane som dannar kalkskal er molluskar (skjel og sniglar), rur (balanider) kråkebollar og kalkalgar (Lithothamnium).

For å få danna skjelsand krevst det at kalkskaldannande organismar veks i store konsentrasjonar og at skala kan bli knuste ned og samla etter at organismane er daude. Næringstilgang, lysforhold, sjøtemperatur, straumtilhøve, botntype og topografi, slam i sjøen og graden av bølgeeksponering vil avgjere om organismane kan trivast og danne store populasjonar.

Etter at organismane er daude, blir skala knuste ned. Til meir utsett eit område er for bårevasking til meir blir skala knuste. Generelt vil dei grovaste partiklane etter knusinga bli liggjande på grunt vatn medan dei finaste partiklane blir førte ut på djupare vatn og søkk til botnar der. Finst det sand, grus eller leire som sjøen kan flytte på i stormperiodar, vil dette materialet blandast inn saman med kalkskalrestane og gi ein urein kalksand. Det ligg realativt lite lausmassar på land på kysten av Sør-Trøndelag, men under isavsmeltinga vart det danna fleire israndavsetjingar i sjøen. Framfor desse vart det avsett mykje silt og leire i sjøen. Derfor vil ein del av skjelsandavsetningane kvile på leire. Sjølv om botnen over store område er kvit av skjelsand treng ikkje sandlaget vere særleg tjukt. Dette vil kunne gjelde for store deler av kysten av Sør-Trøndelag.

Dei kalksandførekomstane som i hovudsak er bygde opp av molluskrestar, ligg som regel bak holmar og skjer eller i straumsund ytst på kysten i brenningssona mellom ope hav og meir skjerma farvatn (Ottesen og andre 1995). Er kalksanden i hovudsak bygd opp av kalkalgerestiar vil førekomstane finnast i meir skjerma farvatn i skjergarden eller i sunda mellom øyar der bårevaskinga er mindre, men tidvasstraumane relativt sterke (Freiwald og andre 1991). Undersøkingar i Troms viser at kalkalgar gjerne veks i to belte, det eine på 9-12 m djup og det andre i 17-20 m djup. Når desse algane døyr og blir knuste ned samlar det seg dyner av algerestiar i nærleiken av algebenken eller i strandsonen. Mellom desse belta kan ligge meir gytjig, urein kalksand. Dyner av rein kalkalgegrus kan ligge innanfor det djupaste beltet av kalkalgar på vassdjup mindre enn 20 m. Om lag tilsvarende forhold ventast i Sør-Trøndelag

Lokale forhold med straum og dominerande vindretningar kan gi eit anna akkumulasjonsmønster enn det forventa.

I tillegg til å vurdere område der kalksand kan finnast, er det prøvd teke omsyn til plassering i forhold til skipsleia og om lokalitetane ligg ope eller skjerma til slik at det er råd å ta opp sand med båt sjølv i litt rusket ver.

3. POTENSIELLE KALKSANDFOREKOMSTAR

Kalksand finst nesten overalt langs kysten av Sør-Trøndelag, men tjukkeleiken av avsetningane og graderinga av sanden vil variere. Til lengre ut på kysten ein kjem, til oftare vil ein finne tjukke skjelsandlag. Inn mot meir skjerma farvatn vil truleg avsetjingane vere ganske tynne over leire eller grus og sand, men lokalt bør det finnast akkumulasjonar med litt større tjukn. Vi har plukka ut 16 område etter kriteria nemnde ovanfor. Det vil heilt sikkert finnast kalksand i andre område, men desse lokalitetane synest å ha det største potensialet for å innehalde eit rimeleg stort volum kalksand.

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, Sjøkart	UTM WGS84 Sone 33	Teikning
1	Buholmråsa	Stort grunnområde ut mot storhavet med djupare renner som går inn mot Buholmråsa. Svært sannsynleg at det ligg skjelsand i desse rennene og som vifter der rennene munnar ut i råsa.	1623.4 45	569000 7143500	99.035-01
2	Buarøyen	Stort grunnområde ut mot storhavet med djupare renner som går inn mot Buarøyfjorden. Svært sannsynleg at det ligg skjelsand i desse rennene og som vifter der rennene munnar ut i fjorden.	1623.4 45	562500 7134000	99.035-01
3	Skjervøyen	Grunne sund mellom øyar og holmar og ein djupare våg med flat botn, Yttervågen, på tvers av sunda. Sannsynleg at det ligg skjelsand i området.	1623.4 45	561500 7130000	99.035-02
4	Sandøya	Grunnområde sørvest for Sandøya med struktur i berggrunnen som gir forsenkningar i SV-NA-leg retning og djupare søkk frå NV – SA-leg retning. Desse sprekkene ser ut til å ha innfylling av lausmassar, truleg skjelsand.	1523.1, 2 1623.3, 4 45	760000 7125000	99.035-03
5	Værøya – Ytterøya	Grunnområde og sund mellom mange øyar som ligg ope til ut mot storhavet burde gi gode forhold for opphoping av skjelsand.	1523.2 44, 45	551000 7118500	99.035-03
6	Hosnøyen	Sundet mellom Kalvøya og Lyngøya og sør-aust for munninga av småsunda i øyrekka Smelingen – Langskjera kan det ligge skjelsand.	1523.2 44	743000 7108000	99.035-04
7	Stokkøya – Linesøya	På nordsida av Linesøya og Stokkøya – Harbak er det avmerka skjellsandbotn på sjøkart. Sannsynleg at det ligg skjelsand i dei største buktene i området, men potensialet for å finne tjukke lag er usikkert. Det burde sjekkast om det kan ligge korallsandforekomstar i Stokken og Lina. På sørvestsida av Linesøya, i området rundt Slåtto, er det botnforhold som kan tyde på opphoping av skjelsand.	1523.2 1522.1 44	745000 7103000	99.035-05
8	Asenøy	På nord og nordvestsida av Asenøya er det eit grunnområde med fleire renner som ser ut til å vere fylte med lausmassar, mest truleg skjelsand. Området ligg svært eksponert til, men nært til skipsleia.	1522.2 44	537000 7090500	99.035-06
9	Skjærøya	Nordaut- sørvest-gåande renner utanfor Skjærøya ser ut frå kartet ut til å vere fylte av lausmassar. Stor sannsynlegheit for at dette delvis er skjelsand.	1522.1 44	538000 7085000	99.035-06
10	Tarva	I sund og renner på innsida av Tarva kan det vere område med skjelsand.	1522.3 44	522000 7075000	99.035-07
11	Grandevika	Kjente korallsandforekomstar og konsesjonar.	1522.3 44	523500 7059500	99.035-08

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, Sjøkart	UTM WGS84 Sone 33	Teikning
12	Kråkvågsvaet	Kan finnast korallsand.	1522.3 44	517500 7058000	99.035-08
13	Ramsøya – Skårøya	Mange sund og grunnområder i eksponert posisjon ut mot Ramfjorden. Det er tildelt skjelsandkonsesjonar i området og sannsynlegvis finst det mykje skjelsand.	1421.4 1422.3 40	464500 7042500 466000 7034000	99.035-09
14	Titran	Mange små øyar med tronge sund og eksponert plassert på sørvest-spissen av Frøya. Gode sjansar for å finne skjelsand	1422.3 41	464000 7060000	99.035-10
15	Uttian – Venøya	Grunnområde og sund ut mot Frøhavet. Kan finnast opphoping av skjelsand	1422.1 41	495100 7074000	99.035-10
16	Froøyane	Samling av øyar med sund og renner i både nordaustleg og søraustleg retning. Svært sannsynleg at det finst mykje skjelsand i området. Det er mogleg at det vil vere ei blanding av korallsand og skjelsand.	1422.1 1423.2 1523.3 42	506500 7096500	99.035-11

På nordsida av Hitra/Fjellværøya finst mange sund med varierende vassdjup og sterk straum som kan gi gunstige vekstvilkår for Lithothamnium korallar. Når korallane dør blir dei knuste og bitane samlar seg langs botnen i nærleiken av vekseplassen eller blir førte avgarde og samlar seg i bakevjer. Det kan vere at det finst lokalitetar på strekninga langs nordsida av Hitra til Fjellværøya der slik opphoping av korallsand skjer, men dette kan berre påvisast ved feltundersøking.


4. GRUNNLAG FOR UTVELGJING AV POTENSIELLE MINEROGENE SAND- OG GRUSFØREKOMSTAR

Under isavsmeltinga i slutten av istida trekte breane seg raskt frå ein posisjon ute på eggkanten og inn til kysten. Dette skjedde for vel 12 000 år sidan. Langs ytre kysten av Sør-Trøndelag vart brekanten liggjande ei stund før breen smelta vidare ned og iskanten drog seg inn på land og vidare innover i Trondheimsfjorden. Der brekanten låg i ro danna det seg moreneryggar og slike ryggar finst langs kysten i dei fleste fjordar og dalar (Fig. 1). I dette stadiet av isavsmeltinga ser det ut til å ha vore lite smeltevatn som kunne vaske ut morenematerialet og danne lausmasse-avsetjingar av sortert materiale. Derfor er desse moreneryggane ytst på kysten i hovudsak bygde opp av usortert morenemateriale og består av alle fraksjonar frå leir til blokk. Det gjer ryggane mindre eigna for opptak av massar til byggeformål. Teknisk let det seg nok gjere, men det stiller store krav til utstyret som skal brukast for å hente massane opp frå sjøen og til vasking av materialet for å få ut eigna fraksjonar.

Lausmasseryggar i sjøen som er bygde opp av sorterte massar har vist seg å kunne innehalde reint, salt grunnvatn som kan pumpast opp og brukast i fiskeoppdrettsnæringa og næringsmiddelindustrien. Dessverre tyder den kunnskap NGU har tileigna seg gjennom geologisk kartlegging på Trøndelagskysten på at dei lokale moreneryggane har for tette massar og er lite eigna for uttak av grunnvatn.

I aller siste fase av isavsmeltinga etter siste istid, ca 10500 år før notid og fram til 9500 år før notid, var det mykje meir smeltevatn til stades og det vart danna svære avsetjingar av sortert sand og grus langs brefronten etterkvart som breen smelta tilbake innover i fjordane. Etter istida har landet heva seg og alle desse avsetjingane ligg i dag på land i Sør-Trøndelag.

Elvar og bekkar som renn ut i sjøen fører med seg sand og grus som blir avsette i delta ved munningen av elva. Slike avsetjingar kan eigne seg for opptak av sorterte massar, men det er fare for at massane kan innehalde ein del organisk materiale.



Figur 1. Moreneryggar og omtrentleg brerandlinje frå innlandsisen ca. 12000 år før notid i kyststroka av Sør-Trøndelag.

5. POTENSIELLE MINEROGENE SAND- OG GRUSFØREKOMSTAR

Fordi moreneryggane på kysten mest sannsynleg er bygde opp av morenematerial – tette massar – er det ikkje teke med nokon lokalitet med moreneryggar som potensiell førekomst for uttak av lausmassar eller salt grunnvatn.

Dei deltaavsetjingane som er tekne med er avsette av større elvar. Elvedelta kan ha høgt innhald av finsand og silt og organisk materiale. Masseuttak i sjøen kan føre til stabilitetsproblem og erosjon i strandsonen.

Det er lagt vekt på at lokalitetane skal ha potensiale for å innehalde relativt store mengder sorterte sediment. Det finst mange lokalitetar som kan ha små mengder gradert materiale, men desse er ikkje tekne med i oversikten

Potensielle undersjøiske sand- og grusforekomstar i tilknytning til elve- og bekkedelta.

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, <i>Sjokart</i>	UTM WGS84 Sone 33	Teikning
17	Gaulosen	Stort elvedelta og sand- og grusførande elv. Tidlegare har det vore uttak av sand- og grus på deltaflate/deltakant. Potensialet for uttak av massar framleis til stades. Fredningsområde for fugl.	1521.1 39	560500 7024000	99.035-12
18	Orkdalsosen	Stort elvedelta og sand- og grusførande elv. Tidlegare har det vore uttak av sand- og grus på deltaflate/deltakant. Potensialet for uttak av massar framleis til stades.	1521.1 39	542000 7021800	99.035-12
19	Sundsbukta	Elvedelta og sand- og grusførande elv. Tidlegare har det vore uttak av sand- og grus på deltaflate/deltakant. Potensialet for uttak av massar framleis til stades.	1522.2 39	545500 7051500	99.035-13
20	Åfjord	Elvedelta og sand- og grusførande elv. Åfjordsand har konsesjon på uttak av sand- og grus på deltaflate/deltakant.	1521.1 44	559000 7092500	99.035-13

Tidlegare har det vore lokale uttak av elvegrus på følgjande lokalitetar:

- Åfjord - utløpet av Nordalselva
- Roan - Hauknes og Olvassøra, Brandsfjord
- Rissa - Saga, Sørfjorden
- Hemne - Fjelnaosen v/Vinjeøra, Sjøosen v/Kyrksæterøra og Åosen v/Hellandsjøen
- Osen - utløpet av Steindalselva
- Snillfjord - diverse lokalitetar
- Trondheim havn

6. OVERSIKT OVER SAND-KONSESJONAR, OMRÅDE HEFTA AV VERN OG OPPDRETTSANLEGG I SØR-TRØNDELAG

Frå fylkeskommunen har vi fått tilsendt oversikt over oppdrettskonsesjonar , verneområde og skjelsand- og sand- og grus konsesjonar pr. november 1997. Desse er teikna inn på kartvedlegg (Teikning 99.035-14). Under er lista opp oversikt over skjelsandkonsesjonar og sand- og grus konsesjonar i sjøen.

Oversikt over verneområde er lagde ved i Appendix 1. Omrisset av verneområda er teikna inn på oversiktskartet 99.035 –14. Oversiktskart over havbrukskonsesjoner pr. 31.12.98 er plotta ut av Fiskeridirektoratet i Bergen og lagd ved som teikning 99.035-15.

Store område av Trøndelagskysten har verneklousular for ulike formål og dette gjeld også dei fleste aktuelle undersøkingsområda for kalksand. Det betyr at skal ein utnytte dei ressursane som ligg på kysten må ein ta stilling til om opptak av kalksand lar seg kombinere med type vern. Det same gjeld kombinasjon av havbruk og opptak av kalksand.

Skjelsandkonsesjonar i Sør-Trøndelag pr. november 1997:

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, Sjøkart	UTM Sone 32, ED 50	Teikning
1	Grandevika	Franzefoss Bruk A/S, mars 1996	1522.3 44	525510 7063519 525473 7063992 524894 7064000 524449 7063347 524418 7063038	99.035-14
2	Grandevika	Ingvald Drilen, mai 1997	1522.3 44	632140 7055060 631140 7055140 631760 7055140 631370 7055110 630320 7054180 631130 7054095 631480 7054265 631480 7054790	99.035-14
3	Lyngøya	Tormod Edøy	1421.4 40	466400 7033200 466600 7033200 466600 7033350 466500 7033350	99.035-14
4	Ramsøy I	Tormod Edøy	1421.4 40	NGO koordinatar (ØK) x: 605.480 y: -3.180 x: 605.320 y: -3.020 x: 605.110 y: -3.280 x: 605.125 y: -3.325	99.035-14

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, Sjøkart	UTM Sone 32, ED 50	Teikning
5	Ramsøy II	Tormod Edøy	1421.4 40	x: 604.870 y: -3.975 x: 604.975 y: -3.575 x: 604.960 y: -3.540 x: 604.720 y: -3.870	99.035-14
6	Kjeøya I	Tormod Edøy	1421.4 40	x: 609.230 y: -4.820 x: 609.190 y: -4.760 x: 609.925 y: -4.805 x: 609.925 y: -4.875 x: 609.010 y: -4.880 x: 609.150 y: -4.825	99.035-14
7	Oldøya	Tormod Edøy	1421.4 40	x: 613.740 y: -5.530 x: 613.750 y: -5.460 x: 613.610 : -5.480 x: 613.500 y: -5.430 x: 613.440 y: -5.540 x: 613.580 y: -5.600	99.035-14

Sand- og gruskonsesjonar i Sør-Trøndelag pr. november 1997:

Lok nr.	Område	Skildring	Kart M711, Sjøkart	UTM Sone 32, ED 50	Teikning
1	Steinkarbukta, Åfjord	Åfjordsand	1522.1 44	NGO koordinatar (ØK) x: 663412 y: -24955 x: 663385 y: -25100 x: 663519 y: -25102 x: 663520 y: -25014	99.035-14

7. VIDARE UNDERSØKING

Utstrekning og sandtjukna på **kalksandlokalitetane** må påvisast ved seismiske registreringar. Kvalitet må avgjerast ved prøvetaking/boring eller ved prøvegrabbing. Ved vidare oppfølging, bør områda som er markerte på karta prioriterast, men det kan vere naudsynt å utvide registreringane til eit større område for å finne lokalitetar som har stort nok volum og kvalitet god nok til større kommersielle uttak.

På alle dei **elvedelta** som er peika ut er der eller har det vore både drift og forsøksvis prøvetaking. Denne rapporten gir ingen nye lokalitetar for opptak av grus og sand. Dersom ein igjen

vrurderer uttak av massar frå nokon av dei kjende lokalitetane, bør området loddast opp med ekkolodd og prøvetakast. Seismikk vil kunne avgjere utbreiing og volum av dei massane som eignar seg best for uttak og gi indikasjonar om stabilitetstilhøve som sand over leire, setnings- sprekker og tidlegare ras. Prøvetekte materiale bør analyserast for korngradering og mineralinnhald.

8. KOSTNADSOVERSLAG FOR EIT UNDERSØKINGSPROGRAM FOR SØR-TRØNDELAG

NGU har gjennomført feltundersøking av skjelsand, sand- og gruslokalitetar i dei fleste fylka langs kysten. I undersøkingane har vi nytta vårt eige farty F/F "Seisma" med tre mann om bord og utstyrt med seismikkutrustning og grabb. Erfaringsmessig klarer vi ca 50 profilkm seismikk pr. dag og kvar prøve tek i gjennomsnitt ein halv time.

Under er sett opp omtrentleg tidsforbruk (NGU standard) for å undersøkje dei einskilde kalksandlokalitetane som er anbefalt undersøkte på kysten av Sør-Trøndelag. På lokalitet 16 anbefaler vi at ein i tillegg brukar sidesøkjande sonar i 1 dag for å kartlegge omfanget av allereie kjente korallsandførekomstar for å få eit best mogleg volumoverslag på ressursen. Det er ikkje funne nye sand- og grus lokalitetar i denne gjennomgangen av kartmateriale. Dei som er nemnde, lokalitetane 17-20, er kjende frå før og krev ikkje feltundersøking før det eventuelt blir aktuelt å starte nye opptak av massar.

Lok. nr.	Område	Seismikk profilkm.	Prøver	Dagar
1	Buholmråsa	15	5	1
2	Buarøyen	15	5	1
3	Skjærvøyen	15	5	1
4	Sandøya	20	7	1
5	Værøya	35	11	1.5
6	Hosnaøyen	10	3	0.5
7	Stokkøya – Linesøya	30	10	1.5
8	Asenøya	10	3	0.5
9	Skjærøya	10	3	0.5
10	Tarva	35	11	1,5
11	Grandevika	50	15	2
12	Kråkvågsvaet	15	5	1
13	Ramsøya – Skårøya	65	22	3
14	Titran	20	7	1
15	Uttian – Venøya	20	7	1
16	Froøyane	120	24	4
	Sum	485	143	20

I tillegg kjem 2 dagar transport. Døgnpris for F/F "Seisma" med utrustning i arbeid er 30 000 kr. og under transport 15 000 kr. Veravhengige liggedagar blir belasta prosjektet med kr. 10 000 per dag. Rapportering av undersøkinga vil ligge på 150 000 kr. Ei full undersøking i tråd med tabellen ovanfor vil dermed koste kr. 780 000. Merk at dette er eit kostnads-overslag, og at det er naudsynt å sjå nærare på kostnadene før eit eventuelt endeleg tilbod.



9. KONKLUSJONAR

Det er plukka ut 16 område fordelt langs kysten av Sør-Trøndelag som representerer dei antatt viktigaste lokalitetane som kan eigne seg for opptak av kalksand (teikning 97.096-01). Desse bør kunne danne grunnlag for å finne lokalitetar for kommersielt uttak av kalksand. Dei lokalitetane som er peika ut, med unntak av Grandevika lok. 11, er plasserte ut frå indikasjonar og må **ikkje** oppfattast som stadfesting av kalksandressursar. Det kan berre gjerast ved vidare oppfølging gjennom seismikkregistrering, prøvetaking eller prøvegrabbing. Det er også peika ut 4 sand og grus lokalitetar i sjøen, men dette er alle tidlegare kjende ressursar. Det er lite sannsynleg å finne andre større førekomstar på kysten korkje i tilknytning til vassdrag eller i israndavsetjingar.

Det er også henta inn ei samanstilling av skjelsandkonsesjonar per 31.11.97, område som er verna på ein eller annan måte til same tidsrom og fiskeoppdrett per 31.12.98. Det viser seg at dei fleste aktuelle undersøkingsområda for å påvise kalksandførekomstar ligg i område som har verneklousular eller er nytta i havbruksnæringa. Ved å undersøke dei lokalitetane som er utpeika, bør ein kunne finne dei fleste store førekomstane av kalksand, og kan i såfall lage ein plan for utnytting av ressursen som gir minst arealkonfliktar.

10. REFERANSAR

- Andersen, B. G., Mangerud, J., Sørensen, R., Reite, A., Sveian, H., Thoresen, M. & Bergstrøm, B. 1995: Younger Dryas ice-marginal deposits in Norway. *Quaternary International* 298, 147-169.
- Bjerkli, Kristian 1975: Sand og grus i kyst-Norge. Oversikt over ressursituasjonen og undersjøiske massetak. *NGU Rapport 1335/1*, 58 s.
- Blikra, L. H. 1994: SØR-TRØNDELAG 1534 III, Kvartærgeologisk kart M 1: 50 000 med beskrivelse. *Norges geologiske undersøkelse*.
- Freiwald, A. 1995: Sedimentological aspects in the formation of branched rhodoliths in northern Norway. *Beiträge zur Paläontologie*, 20, p. 7 - 19.
- Freiwald, A., Henrich, R., Schäfer, P. and Willkomm, H. 1991: The Significance of High-Boreal to Subarctic Maerl Deposits in Northern Norway to Reconstruct Holocene Climatic and Sea Level Oscillations. *Facies*, 25, p. 315-340.
- Grus og pukk registeret, NGU: Ressurskart for Sør-Trøndelag Fylke.
- Ottesen, D. 1986: Uttak av sand og grus i Gaula. *NGU Rapport 86.184*.
- Ottesen, D. 1989: Grusforekomster langs nedre deler av Orkla, Orkdal kommune, Sør-Trøndelag. *NGU Rapport 89.140*.
- Ottesen, D. 1990: Løsmasseundersøkelser i Gaulosen, Sør-Trøndelag. *NGU Rapport 90.041*.
- Ottesen, D. 1991: Maringeologisk kartlegging i Grandevika, Ørland kommune, Sør-Trøndelag. *NGU Rapport 91.048*.
- Ottesen, D., Bøe, R. & Grøsfjeld K. 1995: Carbonate sand deposition along the coast of southern Norway. *NGU Bulletin* 427, 56-59.
- Reite, A. J. 1990: SØR-TRØNDELAG FYLKE. Kvartærgeologisk kart – M 1:250 000. *Norges geologiske undersøkelse*.
- Thoresen, M. K. 1990: Kvartærgeologisk kart over Norge. Tema: Jordarter. M 1:1 mill. *Norges geologiske undersøkelse*.



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 1 og 2: skjelsand

BUHOLMRÅSA OG BUARØYAN

ØSEN KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT


TEGN O.L.. April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-01

M 711/SJØKART NR
1623.4/45



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 3: skjelsand

SKJERVØYAN

ØSEN KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT


TEGN O.L.. April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-02

M 711/SJØKART NR
1623.4/45



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 4 og 5: skjelsand

SANDØYA OG VÆRØYA

ROAN KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT


TEGN O.L.. April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-03

M 711/SJØKART NR
1523.1,21623.3,4/45



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 6: skjelsand

HOSNAØYAN

ÅFJORD KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT


TEGN O.L.. April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-04

M 711/SJØKART NR
1523.2/44



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 7: skjelsand

STOKKØYA - LINESØYA

ÅFJORD KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 76923

MÅLT

TEGN O.L..


April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-05

M 711/SJØKART NR
1522.1 1523.2/44



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 8 og 9: skjelsand

ASENØY OG SKJÆRØYA

BJUGN KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT

TEGN O.L..

April - 99


TRAC

KFR

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

TEGNING NR
99.035-06

M 711/SJØKART NR
1522.1,2/43,44



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 10: skjelsand

TARVA

BJUGN KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT

TEGN O.L..


April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-07

M 711/SJØKART NR
1522.3/44




NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE
 Potensiell undersjøisk forekomst lok. 11 og 12: skjelsand
GRANDEVIKA OG KRÅKVÅG-SVAET
 ØRLAND KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
 TRONDHEIM

MÅLESTOKK 1 : 50000	MÅLT	
	TEGN O.L..	April - 99
	TRAC	
	KFR	

TEGNING NR 99.035-08	M 711/SJØKART NR 1522.3/44
-------------------------	-------------------------------



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 13: skjelsand

RAMSØYA - SKÅRØYA

HITRA KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 60000

MÅLT

TEGN O.L..



April - 99

TRAC

KFR

TEGNING NR
99.035-09

M 711/SJØKART NR
1421.4 1422.3/40



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 14 og 15: skjelsand

TITRAN OG UTTIAN-VENØYA


FRØYA KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG

MÅLESTOKK 1 : 50000	MÅLT	
	TEGN O.L.	April - 99
	TRAC	
	KFR	



NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

TEGNING NR
99.035-10

M 711/SJØKART NR
1422.1,3/41



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE Potensiell undersjøisk forekomst lok. 16: skjelsand FROØYANE FRØYA KOMMUNE, SØR-TRØNDELAG	MÅLESTOKK 1 : 100 000	MÅLT TEGN O.L.. TRAC KFR	April - 99
	NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE TRONDHEIM	TEGNING NR 99.035-11	M 711/SJØKART NR 1422.11422.21523.3/42



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE

Potensiell undersjøisk forekomst lok. 17 og 18: sand og grus

GAULOSEN OG ORKDALSØSEN

MELHUS OG ORKDAL KOMMUNER, SØR-TRØNDELAG

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
TRONDHEIM

MÅLESTOKK

1 : 50000

MÅLT

TEGN O.L..



TRAC

KFR

April - 99

TEGNING NR
99.035-12

M 711/SJØKART NR
1521.1/39



NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE
 Potensiell undersjøisk forekomst lok. 19 og 20: sand og grus
SUNDSBUKTA OG ÅFJORD
 RISSA OG ÅFJORD KOMMUNER, SØR-TRØNDELAG





MÅLESTOKK 1 : 50000	MÅLT	
	TEGN O.L.	April - 99
	TRAC	

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
 TRONDHEIM

TEGNING NR 99.035-13	M 711/SJØKART NR 1521.1 1522.2/39 44
-------------------------	---



OVERSIKTSKART

-  Lok. 1 - 16 Moglege kalksandforekomstar
-  Lok. 17-20 Moglege sand- og grusforekomstar
-  1 - 6 Kalksandkonsesjonar pr. 31.11.97
-  Verna eller verneverdig område. Ulike formål.


NGU/SØR-TRØNDELAG FYLKESKOMMUNE		MALESTOKK	MÅLT
OVERSIKTSKART OVER: Potensielle undersjøiske forekomstar av kalksand, sand og grus, kalksandkonsesjonar og verna eller verneverdige område		1 : 250000	TEGN O.L. April - 99
SØR - TRØNDELAG FYLKE			TRAC
NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE TRONDHEIM			KFR
		TEGNING NR	
		99.035-14	

Kilde: Fiskeridirektoratet v/havbr.avd.

MATFISKANLEGG AV LAKS/ØRRET I SØR-TRØNDELAG

(pr. januar 1999)

Teikning nr. 99.035-15



APPENDIKS 1 : Utskrift frå databasen EDNA over verna og verneverdige område på kysten av Sør-Trøndelag

NATURVERNKART-

REGISTRERTE VERNEVERDIGE OMRÅDER OG FOREKOMSTER



VERNET I MEDHOLD AV NATURVERNLOVEN



- PUNKTFREDNING



- **FU**- FYRSTASJON MED FUGLELIVSFREDNING



- FORESLÅTT VERNET I MEDHOLD AV NATURVERNLOVEN



